

# Vassdrag og energi i kommuneplanar

*Kommunane må sjå til at omsynet til energianlegg, vassdragsvern, fleirbruksverdiar og tryggleik langs med vassdrag blir innarbeidd i kommuneplanane. NVE er ein viktig samarbeids- og høyringspart i desse spørsmåla, og skal ha alle kommuneplanar og kommunedelplanar til høyring. NVE kan fremje motsegn om ein plan er i strid med nasjonale mål, rammer og retningslinjer for NVE sine forvaltingsområde.*

## Om fleirbruksverdet til vassdraga

Ein medveten haldning til vassdraga bør kome til syne i kommuneplanen. Fleirbruksverdiar av vassdraga bør omtalast, mellom anna vassdraga sin verdi som landskapselement og ressurs for rekreasjon/friluftsliv, biologisk mangfald, vassforsyning, energiproduksjon og anna næringsutvikling.

Kommunen kan i si planlegging setje av vatn og elver til særskilt bruk eller vern, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 nr. 5. Dette gjer det mogleg for kommunen å sikre heile eller deler av eit vassdrag mot til dømes masseuttak, utfyllingar og anna bygge- og anleggsverksemd. Brukskategoriane ferdsel-, fiske-, natur- og friluftsområde kan brukast enkeltvis, eller i

kombinasjon med kvarandre. Kommunen kan og nytte kategorien til å sette av område til små kraftverk.

I følgje vassressurslova § 11 skal det langs vassdraga sikrast eit naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjev levestad for planter og dyr langs elvebreidda. Breidda på vegetasjonsbeltet bør kome fram i retningslinjer til arealplanen, og ved utarbeiding av reguleringsplan skal den merkast av på plankartet.

Kommunen kan fastsetje at det for einskilde tiltak må utarbeidast reguleringsplan eller bygnadsplan for tiltak som ligg nærare vassdraget enn 100 meter, jf. pbl. § 20-4 andre ledd, bokstav a. Dette sikrar kommunen god styring med utbygging nær vassdrag, og er eit verkemiddel for å verne kant-



Atnabruvass sagbruk, Atnaelva, Hedmark. Atnaelva er eit verna vassdrag. Sagbruket er eit restaurert kulturminne. Foto: Arne Trond Hamarsland

sona mot utbygging og andre inngrep. Kommunen kan fastsetje kortare avstand, eventuelt differensiere avstanden for ulike elvar/elvestrekningar. Kommunen kan og fastsetje at det for områder inntil 100 meter frå vassdrag skal vere forbode å setje i verk enkelte bygge- og anleggstilltak, jf. pbl. § 20-4 andre ledd, bokstav f.

## Verna vassdrag

Verneplanen for vassdrag er eit viktig reiskap for å ta vare på vassdragsnatur i Noreg. Stortinget har fleire gonger presisert at ansvarlege forvaltningsstyresmakter må hindre inngrep som reduserer verneverdiane som låg til grunn for Stortinget sitt vernevedtak. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag av 10. november 1994 skal leggjast til grunn i planarbeidet.

Kommunen må leggje opp til ein arealbruk som ikkje forringar verneverdiane. Det må derfor leggjast til grunn ein strengare forvaltingspraksis i verna vassdrag enn i andre vassdrag. I tekstdelen til planen bør det gå fram korleis dei rikspolitiske retningslinjene er følgde opp i planen. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 meter breidd på sidene av desse. Dei gjeld og for andre deler av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert har noko å seie for verneverdiane i vassdraget. Direktoratet for naturforvaltning og NVE har gjennomført eit prosjekt for å synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Resultatet av prosjektet er publisert i rapportar og på NVE sine nettsider [www.nve.no](http://www.nve.no).

NVE tilrår at RPR for verna vassdrag vert konkretisert i planen etter prinsippa om differensiert forvaltning av verna vassdrag, jf. "Forvaltning av verna vassdrag" (NVE/DN, 1995), som tidlegare er sendt til kommunane. Slik differensiering gjev eit godt grunnlag for arealdisponering som er i tråd med verneverdiane.

Plan- og bygningslova § 20-4 nr. 4 (bandlegging) og nr. 5 (særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag), med utfyllande bestemmelser etter § 20-4 andre ledd, bokstav a og f, er eigna til å følgje opp formålet med verna vassdrag.

Vassdragsvernet bør gjerast synleg ved å merke av nedbørfeltgrenser på plankartet med heiltrekt blå strek med haker vendt inn i nedbørfeltet. Har planen eigna målestokk, bør eit belte på inntil 100 meter breidde langs vassdraget merkast av i planen (verkeområdet for RPR).



Frå Flisa, Åsnes kommune, under flommen i Glomma, 1995. Foto: Hallvard Berg

## Flaum og fare

Flaum, erosjon og skred langs vassdrag er naturlege prosesser, og ein del av det naturlege vassdragsmiljøet. Planlegging og utbygging langs vassdrag må ta omsyn til fare for skader som følgje av desse prosessene. Primært bør elvane få tilstrekkelig rom for si naturlege utvikling, ved at det ikkje blir bygd i område som kan bli utsett for fare.

Kommunen har ei sjølvstendig undersøkingsplikt og ansvar for at faremoment er vurdert og teke omsyn til. Dette gjeld både ved utarbeiding av arealplanar og ved vurdering av dele- og byggeløyver, jf. pbl. § 68. Er det grunn til å tru at eit område kan vere utsett for fare, må kommunen syte for å hente inn tilstrekkeleg informasjon om faren før planen vert vedteken eller byggeløyve vert gjeve. Dersom det oppstår skader som følgje av ein mangelfull planprosess, vil kommunen kunne få økonomisk ansvar for skadene.

Fare for flaum, erosjon, masseavlaging, isgang, ras m.m. må vurderast i planlagde utbyggingsområde langs vassdrag. Sjølv om kommunen kjem fram til at det ikkje er fare for flaum og liknande, må det opplysast i tekstdelen at slik fare er vurdert.

Industri og verksemdar med eksplosjonsfare skal ikkje liggje i fareområder. Dette gjeld også område med uakseptabel stor fare for flaum. Område som er særleg utsett for flaum, ras, skred og liknande, bør bandleggjast med tanke på seinare regulering til fareområde, jf. pbl. § 20-4 punkt 4.

Det kan knytast føresegn til fareutsette byggeområde om at faregraden må kartleggjast nærare ved utarbeiding av reguleringsplan, jf. pbl. § 20-4 andre ledd, bokstav b, siste punktum. Det kan og stillast krav om nærare kartlegging av faregraden før nye bygge-/delingsløyve blir gjeve i område som allereie er bygd ut. Flaumutsette områder kan leggjast ut som landbruks-, natur- og friluftsområder med føresegn om forbod mot bygge- og anleggstilltak, jf. pbl. § 20-4 andre ledd, bokstav f, eventuelt utan særskilte føresegn. Fareutsette områder kan også markerast på plankartet som ei rettleiande opplysning uten rettsverknad. Også mindre vassdrag kan bli flaumstore og valde skade i samband med stor nedbør, til dømes ved at vatnet tek nytt leie i samband med ras.

Kva nivå som skal leggjast til grunn for flaumhøgder, vil mellom anna avhenge av den planlagde arealbruken og sannsynet for tap av menneskeliv. NVE viser her til "Retningslinjer for arealbruk og sikring i flaumutsette områder" (nr. 1/99) med kriterier for differensiering av tryggleiksnivå (sjå tabell 3-1 på side 21). Dersom kommunen finn at risikoen ikkje er akseptabel i forhold til den planlagde utnyttinga, kan den:

- Endre planlagd arealbruk,
- Halde på planlagt arealbruk, men fastsetje byggjegrænse i terrenghøgde (oppge kote) som ivaretek omsynet til for eksempel flaum (jf. pbl. § 20-4 andre ledd, bokstav b, siste punktum),
- Fastsetje spesielle krav til bygningsteknisk utforming/bruk (for eksempel at hus ikkje kan ha kjellar, eventuelt ein kjellar som toler å stå under vatn ein kortare periode.





Rissaraset. Raset hadde eit omfang på 1,5 km i lengderetningen. Foto: Aftenposten



## Flaumsonekart

NVE er i ferd med å utarbeide flaumsonekart (kart over areal som vert overfløymt ved ulike flaumstorleikar) for prioriterte strekningar langs utvalde vassdrag. Etter trong kan slike kart også utarbeidast for andre strekningar. Kostnader i tilknytning til dette må i så fall dekkast av kommunen.

## Kvikkleire

Ulike typar skred kan få verknad for busetnad og infrastruktur langs vassdrag. Særleg alvorleg er kvikkleireskred, fordi dei kan utløysast utan forvarsel og få verknad for store områder. Statens kartverk har tidlegare gjeve ut faresonekart som viser skredfarlege område med kvikkleire i Trøndelag og i Sør-Noreg. Med medverknad frå Norges geotekniske institutt er NVE i ferd med å dele inn fareområda etter faregrad, konsekvens og risiko. Dette arbeidet vil også bli vidareført i Nord-Noreg. Denne risikoklassifiseringa vil gje kommunane eit betre grunnlag for å vurdere skredrisiko i kommuneplanlegginga. Data vil bli sendt til kommunane så snart dei er klar, og vert samla i ein nasjonal skreddatabase som Norges geologiske undersøkelser er i ferd med å utvikle. Skreddatabasen vil bli knytt til Arealis.

## Avrenning av overflatevatn

Omdisponering av areal påverkar avrenninga til vassdraga. Tette flater (tak, asfalterte flater etc.) kan føre til auka flaumvassføring i vassdraga nedanfor. Dette kan igjen føre til flaumskadar, auka erosjon og ras. I samband med utbygging som kan påverke vassdraga må det derfor i kommuneplanen vurderast kva for vilkår og tiltak som skal krevjast for å unngå auka flaum i vassdraga.

## Samla plan for vassdrag

Gjennom Samla plan for vassdrag (St.meld. nr. 60 1991-92) har Stortinget peika ut ein del vassdrags- og kraftutbyggingsprosjekt som kan konsesjonshandsamast. Desse er delt i kategori I og kategori II. Prosjekta i kategori I skal konsesjonshandsamast før prosjekt i kategori II. Kommunen har ikkje høve til å planleggje arealbruk som kjem i konflikt med

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er eit direktorat under Olje- og energidepartementet med ansvar for å forvalte landet sine vass- og energiresursar.

NVE skal sikre ei heilskapleg og miljøvenleg forvaltning av vassdraga, fremje ei effektiv kraftomsetjing og kostnads- effektive energisystem og medverke til ein effektiv energibruk.

NVE har ei sentral rolle i vernebuinga mot flaum og vassdragsulukker og leiår det nasjonale vernebuingsarbeidet i kraftforsyninga.

NVE er engasjert i FoU og internasjonalt samarbeid innafor sine fagområde. NVE er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

Informasjon frå Noregs vassdrags- og energidirektorat

Fakta-ark nr. 8 2003

desse planane. Prosjekt i Samla plan bør nemnast i tekstdelen i planen, med dei avgrensingar prosjektet legg for arealbruken i området.

## Damtryggleik

Dersom det blir planlagt busetnad nedanfor ein dam eller langs rørgater, må planutkastet sendast på høyring til dameigaren. Slik utbygging kan krevje oppjustering av tryggleiksklassen for dam eller rørgate.

## Energianlegg

Eksisterande og planlagde kraftleidningar og andre energianlegg må innarbeidast i planar etter plan- og bygningslova. I planlegginga bør det vere ein føresetnad at areala skal nyttast til energiformål også i framtida.

Større, nye energianlegg må konsesjonshandsamast. Når kommunen får meldingar eller søknader om nye energianlegg på høyring frå NVE, må kommunen ta stilling til kva planavklaring som er ønskeleg i tillegg til konsesjonshandsaming.

Overføringsleidningar for kraft med spenning over 22 kV skal merkast av på plankartet som "Viktige ledd i kommunikasjonssystemet", jf. pbl. § 20-4 første ledd, nr. 6. Kraftleidningar med lågare spenning kan avmerkast om kommunen finn det føremålstenleg. Dette vil mellom anna avhenge av kartmålestokk. Spenningsstyrken skal av tryggleiksmessige- og beredskapsmessige omsyn ikkje gå fram av planen. Eksempel på korleis kraftleidningstraséer kan avmerkast finst i Miljøverndepartementet sin rettleiar T-1382. NVE føreset at byggegrenser mot kraftoverføringsleidningar er i samsvar med krav i føresegnar frå Direktoratet for brann- og elsikkerhet.

Bandlegging, pbl. § 20-4 nr. 4, kan

brukast for område som er sikra, eller skal sikrast, til bruk for kraft- og energiverk eller overføringsliner. Bandlegging utløyser krav om reguleringsplan. Byggeområde eller særskilt bruk eller vern av vassdrag, jf. pbl. 20-4 nr. 1 og 5, kan og brukast for område til energiformål, eksempelvis for kraftverk.

Vi bed om at forslag til nye arealplanar vert sendt på høyring til lokale energiverk og andre med energianlegg i planområdet. Dersom kommunale planar er i strid med energinteressene, eller hindrar planlagde energianlegg, kan NVE reise motsegn til planane.

## Energiplanlegging

Energi bør vere et tema i arealplanlegginga. Kommunen bør få klarlagt alternative energiløysingar som over tid kan medverke til å redusere energiforbruket og energikostnadane. Kommuneplanlegginga bør omfatte ei vurdering av om det ligg til rette for bruk av mellom anna vassbåren varme, spillvarme, bioenergi og varmepumper. Energivurderingar bør gjerast i samarbeid med energiverk som har områdekonsesjon. NVE har utarbeidd rettleiaren "Energi i kommunene" (nr. 2/00). Rettleiaren har som føremål å hjelpe kommunane i gang med å legge til rette for miljøvennlege og kostnadseffektive energiløysingar lokalt. Ved å ta kontakt med NVE kan ein få den tilsendt.

Meir inngåande informasjon om plandeltaking frå NVE finn ein i rettleiaren: "Arealplanlegging i tilknytning til vassdrag og energianlegg" (NVE, 3/1999). Rettleiarane er sendt kommunane, og finst også under publisjonar på NVE sine internettside: [www.nve.no](http://www.nve.no). Sjekklista bak i rettleiaren er eit godt hjelpemiddel ved utarbeiding av planar.

# Fakta

## Noregs vassdrags- og energidirektorat

### Hovudkontor

Middelthunsgt. 29 Postboks 5091  
Majorstua 0301 Oslo  
Telefon: 22 95 95 95  
Telefaks: 22 95 90 00  
Internettadresse: [www.nve.no](http://www.nve.no)

### Region Midt-Norge (RM)

Trekanten, Vestre Rosten 81,  
7075 Tiller  
Telefon: 72 89 65 50  
Telefaks: 72 89 65 51  
E-postadresse: [rm@nve.no](mailto:rm@nve.no)

### Region Nord (RN)

Kongensgate 14-18  
Postboks 394, 8505 Narvik  
Telefon: 76 92 33 50  
Telefaks: 76 92 33 51  
E-postadresse: [rn@nve.no](mailto:rn@nve.no)

### Region Sør (RS)

Anton Jenssens gate 5  
Postboks 2124, 3103 Tønsberg  
Telefon: 33 37 23 00  
Telefaks: 33 37 23 05  
E-postadresse: [rs@nve.no](mailto:rs@nve.no)

### Region Vest (RV)

Naustdalsvn. 1b  
Postboks 53, 6801 Førde  
Telefon: 57 83 36 50  
Telefaks: 57 83 36 51  
E-post: [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)

### Region Øst (RØ)

Vangsveien 73  
Postboks 4223, 2307 Hamar  
Telefon: 62 53 63 50  
Telefaks: 62 53 63 51  
E-postadresse: [ro@nve.no](mailto:ro@nve.no)

Ansvarleg: Informasjonsdirektor  
Sverre Sivertsen  
Fagansvarleg: Håkon Dreyer Sæter